



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:

09.05.2022

Vår ref:

2022/6796

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Norges vassdrags- og energidirektorat
Middelthuns gate 29,
0368 Oslo

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hermund Mjelstad, 5764 3124

Krav om opning av vilkårsrevisjon for Lærdalsvassdraget

Konsesjonane i Lærdalsvassdraget (KDB-nr. 71, 710, 1006 og 1331), som er samla til eit revisjonsobjekt med Rev.ID 504 i NVE rapport 49/13, kan få nye vilkår gjeldande frå 2022.

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell sett med dette fram vårt krav til NVE om å opne revisjonssak for Lærdalsvassdraget. Me ynskjer at det vert kasta lys på utbygginga sin påverknad på villreinstamma i Nordfjella, der ein får utgreia om det finst gode og gjennomførbare avbøtande tiltak. Fleire tema bør inkluderast i revisjonen, men me vil her berre omtale tema villrein, då det er det som ligg innanfor våre ansvarsområde og mandat.

Innleiing: om villreinnemnda og Noreg sitt ansvar for villrein som art

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell er ei statleg nemnd, nedsett av Miljødirektoratet jfr. Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 21. Nemnda er sett saman av politisk valde representantar frå kvar kommune med areal i respektive villreinområde. Vårt mandat inneber m.a. å arbeide for ivaretaking av villreinstammen i villreinområda og villreinen sine leveområde.

Ivaretaking av villrein er ein vesentleg samfunnsinteresse, der Noreg dessutan har eit særleg internasjonalt ansvar som forvaltar av siste rest av vill fjellrein i Vest-Europa. Villrein er rekna som ein truga art på den globale raudlista (IUCN, Red List of Threatened Species) på grunn av ein global nedgang på kring 40% sidan 1990. I 2021 vart arten og ført opp på vår nasjonale raudliste, der dei største trugsmåla mot arten er arealbeslag og fortrengning, saman med klimaendringar og sjukdom.

Ivaretaking av villrein er og ivaretaking av det sårbare høg fjellsøkosystemet. Villrein er dessutan ein viktig utmarksressurs både i form av jaktbart vilt og som mogleg grunnlag for andre næringar t.d. naturbasert og kulturbasert reiseliv. Villrein er og grunnlaget for ein mange tusenårig ubrotten norsk jakttradisjon, bekrefta av utallege kulturminne.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Runar Tufto, 3576 Hol
Tlf. 90177702
E-post: rtufto@gmail.com

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no



Nedbygging av leveområde, ferdsel og inngrep skapar betydeleg press på villreinen sine leveområde, og deler av områda er gått ut av bruk. For å betre ivareta villreinens leveområde har Stortinget m.a. nyleg vedteke ein eigen kvalitetsnorm for villrein, etter heimel i Naturmangfaldlova § 13. I samband med denne kvalitetsnorma skal alle villreinområde verte klassifisert etter tre delnormer, i skrivande stund vert dei nasjonale villreinområda, inkl. Nordfjella, klassifiserte. Dei tre normene omhandlar bestandsforhold, lavbeite og leveområde og menneskeleg påverknad. Dersom villreinområdet vert klassifisert til dårleg tilstand etter kvalitetsnorma skal det gjennomførast ein påverknadsanalyse for å klarlegge årsakene, og Klima- og miljødepartementet bør i samråd med andre ansvarlege myndigheiter utarbeide ein tiltaksplan (*Kvalitetsnorm for villrein, fastsett ved Kgl.res. 23.06.20, artikkel 4*). Prioritering, finansiering og gjennomføring av avbøtande tiltak vil krevje tett samarbeid mellom fleire aktørar, då også kraftregulantar. Implementeringa av kvalitetsnorma er soleis relevant for revisjonsarbeidet.

Villreinnemnda vedtok å fremje krav om opning av revisjonssak for Lærdalsvassdraget i haustmøte 09.11.2022, sak H-21 10. Kravbrevet med vedlegg er utarbeidd av Sogn Naturforvalting v. Siri W. Bøthun, og vart handsama og vedteke i vårmøte 20.-21.04.2022, i sak 13/22.

Argumentasjon for opning av revisjon

Nordfjella villreinområde er mellom dei villreinområda som har sterkast negativ påverknad frå inngrep relatert til kraftutbygging. Alle dei 5 hovudkonsesjonane knytt til vassdrag i villreinområdet kan kome til vilkårsrevisjon (medrekna Uste-Nesvassdraget i ytterkant av villreinområdet).

Heilskapstenking er vesentleg når det gjeld handsaming av tema villrein og inngrep/ferdsel. Ved handsaminga av vilkårsrevisjon for Hemsilvassdraget, som var den første vilkårsrevisjonen for vassdrag innanfor Nordfjella, vart heilskapsperspektivet anerkjent som eit viktig prinsipp (Kgl. Res. 23. juni 2021). Her peikar OED på at ein i den einskilde revisjonssak må vektlegge den samla belastninga kraftutbygginga har på villreinen sitt leveområde. I lys av dette vart det oppretta eit villreinfond som ein del av dei nye vilkåra, sjølv om regulanten ikkje vart pålagd konkrete avbøtande tiltak. Det vert her lagt opp til at andre konsesjonar innanfor villreinområdet skal bidra til fondet etter kvart som dei får nye vilkår.

Dei 5 revisjonsobjekta står på ulik stad i høve til opning- og handsaming av vilkårsrevisjon. Som nemnd er Hemsilvassdraget ferdig. I samband med dei sakene som har vore på høyring (Hemsilvassdraget, Uste-Nesvassdraget, Holsvassdraget), og i samband med revisjonskrav for Aurlandsvassdraget, har villreinnemnda oppmoda sterkt om at dei ulike revisjonane i villreinområdet skal sjåast i samanheng.

Revisjonsprosessane bidreg til å kaste lys på den einskilde regulering sin påverknad. Det er viktig å få fram kunnskapen om den einskilde utbygginga for å få eit riktig heilskapsbilete. Det er difor eit poeng at revisjonane bør gjennomførast utan for stor skilnad i tid. Lærdalsvassdraget er det einaste vassdraget med større reguleringar i Nordfjella villreinområde, der det enno ikkje er fremja nokon revisjonskrav.

Status i revisjonane i Nordfjella er slik:

- Hemsilvassdraget, med magasinet Flævassmagasinet: Nye vilkår fastsett 23.06.2021
- Holsvassdraget, med magasina Strandavatnet og Stolsvassmagasinet: Innstilling frå NVE oversend OED 14.05.2020
- Uste- Hallingdalsvassdraget, med magasina Finsevatn og Ustevatnet, samt Ørteren (som kan påverke trekk frå område sør for Hardangerjøkulen mot utvekslingssona mellom



Hardangervidda og Nordfjella). Høyring 22.05 2018, sluttsynfaring med NVE gjennomført 10.08.2018

- Aurlandsvassdraget, med 11 magasin i villreinområdet, der det største er Nyhellermagasinet: Revisjoskrav motteke av NVE, handsaming av krava er starta, siste status er at regulanten har fått kommentere krava, kommentarane er mottekne av NVE jfr. e-post av 9. juni 2020.
- Lærdalsvassdraget, med magasin Kvevatnet og Øljusjøane. Revisjonskrav ikkje tidlegare fremja.

Krav til revisjonen og revisjonsdokumenta

Utbygginga i Lærdalsvassdraget har medført to større magasin i Nordfjella, der særleg det eine av desse; Kvevatnet, er kjent å ha brote to større trekkpassasjar, der den eine (aust-vest over Harbakkspranget) var sær mykje brukt. Det er og kome inngrep i form av anleggsvegar, pumpekraftverk, kanalisering av elv, og bekkeinntak. Ein har potensiale for samverkande effekt med nytt kraftverk dersom regulanten får fornya konsesjon for Gravidalen og realiserer denne. Dette kraftverket er meint å utnytte fallet mellom Kvevatn og Gravidalen.

Lærdalsvassdraget i seg, og sett i samanheng med heilskapen, er presentert på overordna nivå i Tilleggsmerknad til villreinnemnda sin uttale til Holsrevisjonen (sak 23.3-N/16) (vedlagt som vedlegg 2). Tilleggsmerknaden er ein kartpresentasjon utarbeidd i samarbeid mellom sekretariata for villreinutvalet og villreinnemnda på oppmoding frå NVE. Me legg og ved ein meir detaljert presentasjon nytta i samband med villreinnemnda si handsaming av revisjonskravet, i møte 20.-21.04.2022, der verknaden av det einskilde inngrepet går fram.

Me vil stille fylgjande krav til utarbeidinga av revisjonsdokumentet når det gjeld villrein:

Revisjonsdokumentet må:

- Handsame tema villrein basert på ei fagutgreiing om kraftutbygginga i Nordfjella og verknadane på leveområdet. Krav til fagutgreiing: o Utarbeidd med høg villrein fagleg kompetanse
- Bruk av forskingsbaserte GIS-verktøy, som statistiske modellar (omtalt under)
- Anerkjenne prinsippet for heilskapstenking i høve til leveområdet til villrein jf.r. konklusjonen i Kgl. Res. for Aurareguleringen og for Hemsilvassdraget, begge dat. 23.06.2021 o Sjø Lærdalsutbyggingen i høve til villreinområdet og vektlegge samverkande effektar både med anna utbygging og med anna påverknad på leveområdet
- Ta utgangspunkt i ein situasjon der det igjen er villrein i sone 1, der heile Nordfjella vert forvalta som ei felles stamme, jfr. målsettinga om reetablering av villrein i området.

Den tydelegaste samverkande effekten er den mellom Kvevatnet, incl. anleggsveg, og Nyhellermagasinet. Dei to utbyggingane fører samla sett til at ein berre har att ei mindre sone heilt sentralt i dette området mellom Fv 50 og Rv 52 der reinen ikkje møter fysiske inngrep som hindrar eller reduserer trekk. Denne sona ligg på det høgtliggande fjellplatået mellom Nyhellere og Kvevatnet.

Dei samverkande effektar med utbyggingane i austre del av villreinområdet er generelle. Det vil seie at Lærdalsutbygginga er ein av fleire store inngrep som til saman endrar trekkmonsteret ved å hindre naturlege trekkvegar, og med det reduserer dyra si fulle utnytting av beiteressursane i leveområdet.



Revisjonssaka må elles kaste lys på ei rekke tilhøve. Som eit minimum vil villreinnemnda halde fram desse momenta som viktige i saka, i tillegg til momentet om heilskap og samverkande effekt nemnd over:

- Kvevatnet; Løysingar for landbru over Harbakksspranget (det som tidlegare var passasjen mellom det opphavlege Kvevatnet og Flågrunnsvatnet) må greiast ut. Harbakksspranget er ein plass der det er stort sannsyn for at villrein vil gjenoppta trekket. Dyra søker ut på oddene frå begge sider i dag, og det finst ikkje forstyrringar i området i form av veg, sti eller anna infrastruktur.
- Ein må få fram detaljkunnskap så godt som råd, om trekket oppunder dammen på Kvevatnet samt om kryssingspunkta for Kveassvegen og kryssing av kanalisert elv nedstraums Dyrekollvatnet.
- Gravdalen og konflikt med kalvingsområde må handsamast grundig
- Øljusjøen; stadfesting av kva for påverknad oppdemminga har, og alvorsgraden i denne. Verknaden må sjåast i samband med påverknad frå stien Breistølen-Bjordalsbu då denne er peikt ut som eit fokusområde i samband med delnorm 3 i Kvalitetsnorm for villrein (med status låg grad av påverknad pr. i dag), og med ferdsel i nærområdet elles, t.d. stien Bjøberg-Bjordalsbu. Fokus bør være på rørslemønsteret for villreinen i denne nordaustlege delen av villreinområdet, og dynamikken i høve til vidare trekk austover.
- Dei tre anleggsvegane; nivå av ferdsel, potensiell fare ved endringar i bestemmingane knytt til vegane.
- Pumpekraftverk under bygging (etter gode dialogar i høve terrengtilpassing og minimering av konflikt med villrein); gode løysingar for drift og tilsyn

I samband med ein revisjonsprosess bør også moglege oppgraderings-/utvidingsprosjekt vurderast (jfr. OED-retteljar av 2012). Dette er fornuftig. I denne samband må ein unngå prosjekt som kan få negative konsekvensar for villrein. I lys av potensielt påpress for nye utvidingsprosjekt pga. auke i straumprisar, vil me i denne samband åtvara mot å ta fram att planane for Finnebuvatnet, der konsesjon var avslege i 2015. Fjellvatna i dei fredelige områda innanfor vassdraget må få ligge urørte, då desse områda er eit refugium utan inngrep og med låg ferdsel, der villreinen framleis kan finne sær s viktig ro.

Det er viktig at all ny kunnskap vert teke i bruk, t.d. det som er framkome gjennom klassifiseringa etter kvalitetsnormen, og nye forskingsbaserte metodar for berekning av menneskeleg påverknad. Det finst allereie mykje dokumentasjon om villreinområdet, og om korleis villreinen nyttar dette, sjølv om ingen tilgjengelege fagrapportar går i detalj om korleis arealbruken er påverka av kraftutbygginga. For å oppdatere kunnskapsgrunnlaget i samband med klassifisering etter kvalitetsnorm for villrein er det nyleg gjennomført ei oppdatering av kartlegginga av leveområdet i regi av Norsk villreinsenter sør. Oppdateringa er presentert i kartfortelling hjå Norsk villreinsenter: <https://storymaps.arcgis.com/stories/cb088c11d92542ac856969ae7bcb5bb4>.

Me vil og syne til forskning og nyutvikla metodar gjennom prosjektet RenewableReindeer, for å teste verknadar av tiltak (Panzacchi M., Van Moorter B., Strand O., Kivimäki I., Særens M., et al - NINA Temahefte 81 in prep.). Eit godt døme på bruken av metoden finst i NINA Rapport 1903 der det er gjennomført datasimuleringar av fire ulike fokusområde for Hardangervidda villreinområde.

Krav til nye vilkår

Naturmangfaldlova og kvalitetsnorm for villrein, fastsett med heimel i Naturmangfaldlova, forpliktar både offentleg mynde i energisektoren og den einskilde regulant. I revisjonen lyt ein finne bidrag på



der kraftbransjen kan bidra til å auke kvaliteten på leveområdet og redusere belastninga av menneskeleg fotavtrykk.

Me vil stille fylgjande krav til nye, spesifikke vilkår, i tillegg til dei generelle standard naturforvaltingsvilkåra:

- Vesentleg bidrag til villreinfondet for Nordfjella. Lærdalsvassdraget har ein vesentleg høgare verknad på villreinområdet enn Hemsilreguleringen.
- Bidrag i avbøtande tiltak knytt til relevante fokusområde. o For Kvevatnet: NF08, Kveassmagasinet og NF07, Gravdalen
- For Øljusjøane: NF10, Breistølen-Bjordalsbu-lungsdalshytta.
- Aktuelle tiltak jfr. punktet over: o Landbru Hardbakkspanget (jfr. utgreiing, sjå over)
- Avbøtande tiltak for kanalisert elv i Gravdalen
- Avvise forlenga konsesjon for Gravdalen
- Oppretthalde dagens regime med bomveg på dei tre anleggsvegane, med låst vegbom og naturleg framtining som hovudregel fram til midtsommar
- Finne måtar for samhandling med samfunnsaktørar som påverkar ferdsel og andre inngrep

Avslutning

Me vil elles nytte høvet til å rose Østfold Energi når det gjeld dialog og samarbeid knytt til tiltak innanfor villreinområdet i nyare tid. I samband med planlegging og utføring av fysiske inngrep har det vore godt samarbeid med villreinforvaltinga lokalt, med felles mål om å minimere verknaden for villrein. Det har vore både skriftleg og munnleg dialog, inklusive møter og synfaringar, både ved omlegging av bekkeinntak ved Dyrkoll, tilpassingar ved planlegging av Mørkedøla pumpe og terrengtilpassingar ved damrehabilitering for Dam Kvevatn, Dam Øljusjøen og Dam Vasset.

Dei føreslegne avbøtande tiltaka vil ikkje gå utover straumproduksjon i høve til dagens nivå, men vil bidra til å gjere eksisterande produksjon endå meir miljøvenleg. Me trur tiltaka vil kunne bidra til å nå Østfold Energi sine overordna mål om berekraftig straumproduksjon.

Med helsing

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og
Raudafjell

Runar Tufto
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

